



Løyve til
nedlegging av dam Sætrevatn
Sula kommune i Møre og Romsdal fylke



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Tiltakshaver	O.A. Devolds Sønner AS
Referanse	201701267-18
Dato	06.03.2020
Ansvarleg	Gry Berg
Sakshandsamar	Ellen Lian Halten

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.t automatisk inn ved ekspedering

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

Innhald

Samandrag	1
Søknad	2
Høyring og distriktsbehandling	3
NVE si vurdering	7
NVE sin konklusjon	10
Forholdet til anna lovverk	11
Konsesjonsvilkåra for løyvet etter vassressurslova	12
Vedlegg	13

Samandrag

O. A. Devolds Sønner AS søker om løyve til nedlegging av dam Sætrevatn. Heile dammen skal fjernast. Det ikkje naudsynt med nye vegar.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan ikkje sjå at nedlegging av dammen vil ha vesentlege konsekvensar for allmenne interesser. Før det eventuelt blir gitt løyve til nedlegging må ein sikre at flaumfaren i nedre del av vassdraget ikkje aukar, og stille krav til avbøtande tiltak som sikrar dette. Møre og Romsdal fylkeskommune er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminne. Dei minner om plikta til å stoppe arbeid og ta kontakt med fylkeskommunen dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne.

Nedlegging av dam Sætrevatn vil føre til redusert vasstand i Sætrevatnet med om lag 0,5 meter. På grunn av tidlegare inngrep er flaumavleiingskapasiteten i vassdraget svært avgrensa. Nedlegging av dam Sætrevatn vil ikkje føre til betydeleg auka flaumfare sjølv om flaumvassføringa i vassdraget vil auke. Uavhengig av damnedlegginga er det naudsynt å utbetre avleiingskapasiteten, sidan vassdraget i dag knapt toler middelflaum. I følgje dameigar skal naudsynte tiltak for å betre avleiingskapasiteten dimensjonera slik at vassdraget toler 200-årsflaum.

Med føresetnad om at heile dammen fjernast og området så lang det er mogleg blir tilbakeført til slik det var opphavleg, er ikkje nedlegging av dammen til ulempe for allmenne interesser.

Vassdragsanlegg som eigar ikkje ønsker å halde ved like skal fjernast. Løyve til nedlegging skal bli gitt dersom ikkje særlege årsaker taler imot. Alternativet til nedlegging er at nokon andre overtar dammen.

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at det ikkje er særlege grunnar som taler mot å gi løyve til nedlegging av dam Sætrevatn etter dei planane som er lagt fram, jamfør vassressurslova § 41. Vi gir difor O. A. Devolds Sønner AS løyve etter § 8 i vassressurslova til nedlegging av dam Sætrevatn på nærare fastsette vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå O.A. Devolds Sønner AS, datert 3.7.2017:

Søknad om konsesjon for nedlegging av dam Sætrevatn

O.A. Devolds Sønner AS ønskjer å legge ned dam Sætrevatn ved Sætrevatnet i Sula kommune i Møre og Romsdal fylke, og søker med dette om følgjande løyve:

- *Etter vassressurslova, §§ 8 og 41, om løyve til å leggje ned dam Sætrevatn*

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket

Bakgrunn for søknaden

Dam Sætrevatnet er ein murdam med oppstraums betongtetting, som truleg er bygd på midten av 1950-talet. Dammen er i høve til damsikkerheitsforskrifta plassert i konsekvensklasse 3, og tilfredsstiller ikkje dagens krav til sikkerheit. Det er derfor stilt krav om rehabilitering. Ei rehabilitering av dammen blir dyrt, og sidan magasinet ikkje blir brukt til aktiv regulering er det liten økonomisk gevinst i å behalde dammen. Dameigar har difor vurdert at ein heller vil fjerne dammen.

Skildring av området

Dam Sætrevatnet ligg i utlaupet av Sætrevatnet på nordaustsida av øya Sula i Sula kommune. Dammen er etablert i forbindelse med Langevåg kraftverk og Devoldfabrikken. Nedbørfeltet til Sætrevatnet er på om lag 3,2 km², og sjølve vatnet har eit overflateareal på ca. 290 000 m² ved høgste regulerte vasstand (HRV) på kote 23,2. Lågaste regulerte vasstand (LRV) er på kote 18,9. Landskapet består i hovudsak av delvis skogkledd terreng som fører opp til Svanshornet og Veddehjøllane, cirka 500 moh. Vasstanden ligg til vanleg på vel 20 moh, med normale variasjonar innanfor kote 19,5 og kote 21,5. Magasinet blir ikkje lenger regulert til kraftproduksjonen, men for å dempe flaum i vassdraget blir opninga i botntappeluka aktivt regulert av damvaktaren. Vanlegvis er det likevel tilsig frå nedbørfeltet som bestemmer vasstanden i Sætrevatnet.

Mellom dammen og Sætrevatnet er det etablert ein cirka 150 meter lang kanal. Kanalen og området i kring ligg innanfor skytebanen til Langevåg Skyttarlag. Det går ein tursti rundt vatnet. Det går ein veg like nedstraums dammen fram til klubbhuset til Langevåg Skyttarlag, som ligg på vestsida av Sætrevatnet.

Avløpet frå botntappeluka på dammen går i ein kulvert under vegen til klubbhuset, og så direkte ut i Vassetvatnet. Vatnet har ut frå driftsmessige omsyn til Langevåg kraftverk oftast høg vasstand, opp mot 20 moh. Den høge vasstanden i Vassetvatnet påverkar vassføringa ut av Sætrevatnet.

Utlaupselva frå Vassetvatnet er kalla Vassetelva, og er sterkt påverka av menneskelege inngrep. Elva er om lag 1247 meter lang og renn ut i sjøen ved Langevåg. Frå Vassetvatnet renn elva i ein om lag 155 meter lang kanal, før elva går gjennom ein om lag 110 meter lang kulvert. Like nedstraums kulverten er inntaket til Langevåg kraftverk etablert. Kraftverket har ein installert effekt på 0,13 MW og vart sett i drift i 1933. Maksimal slukeevne for kraftverket er 1 m³/s, og kraftstasjonen er plassert inne på området til Devoldfabrikken, med utlaup direkte i sjøen ved Langevåg.

Frå inntaket til kraftverket renn Vassetelva i dagen over ein om lag 762 meter lang elvestrekning. Ut frå kart er elva her retta ut, og fleire stader er elvekanten forbygd med murar i stein. Nedre del av elva renn gjennom ei stikkrenne under ein parkeringsplass, og så vidare i en kulvert under fabrikkområdet

til Devoldfabrikken. Til saman er stikkrenna og kulverten om lag 220 meter lang. Kulverten har utlaup i sjøen ved kaia inne på fabrikkområdet, ved sidan av utlaupet frå Langevåg kraftverk.

Teknisk plan

Om dammen

Dam Sætrevatn er ein murdam med oppstraums betongtetting. Den har ei botntappeluke og overløp midt på dammen. Betongen er truleg armert. Dammen er antatt å vere bygd om lag 1955. Dammen er cirka 55 meter lang og opp mot fem meter høg på det høgste, like over tappeluka. Over tappeluka ved sida av overløpet, er det eit damhus. På sida av tappekanalen er maksimal damhøgde tre meter. Høgste regulerte vasstand (HRV) på kote 23,2, medan lågaste regulerte vasstand (LRV) er på kote 18,9. Dammen er i høve til damsikkerheitsforskrifta plassert i konsekvensklasse 3.

I botnen av dammen er det ei tappeluke. Denne står alltid open slik at Sætrevatnet er nedtappa. Magasinet fungerer som dempingsmagasin ved at vasstanden i Sætrevatnet stig i periodar med mykje tilsig. I slike periodar blir luka regulert aktivt av damvaktar for å unngå flaumskader lenger ned i vassdraget.

Oppstraums dammen er det som tidlegare nemnt ein cirka 150 meter lang kanal som leiar vatnet frå Sætrevatnet og inn mot dammen. Heilt inn til dammen er kanalen gjort smalare ved å mure opp mur på begge sider av kanalen. Det kan sjå ut til at kanalen er utgraven, noko som tyder på at dagens LRV ligg lågare enn nivået på det opphavlege og naturlege avløpet frå Sætrevatnet.

Plan for gjennomføring av tiltaket

Det er planlagt å fjerne heile dammen. Dette inneber å transportere bort steinane som er i murdammen. Betongen må rivast og fjernast og lukehus med luke og lukespel skal fjernast. Terrenget i kring dammen vil deretter bli gitt ei utforming slik at området glir inn i ikringliggande terreng.

Kanalen skal bli slik som han er i dag, og vil gå som ei elv frå Sætrevatnet til Vassetvatnet. Det er planlagt å behalde innsnevringa i nedstraums ende av kanalen, då dameigar meiner denne vil gje ei lita demping av vatnet frå Sætrevatnet.

Det er ikkje behov for å etablere nye vegar.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. NVE var på synfaring i området den 27.6.2018 saman med representantar for tiltakshavar, kommunen og Fylkesmannen. Søkar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal uttalar følgjande i brev av 28.9.2017:

«Vurdering

Biologisk mangfald

Det skal gå ål opp i Sætrevatnet. Ut over dette kjenner vi ikkje til registrerte miljøverdiar i og ved vatnet. Søknaden opplyser at ved fjerning av dammen vil ikkje vasstanden i Sætrevatnet bli lågare enn i dag ved tørre periodar; dvs. ca. 19,5moh.

Når det gjeld Vassetvatnet er den sørvestlege delen registrert som naturtype rik kulturlandskapssjø av lokal viktig verdi. Vassetvatnet er elles eit viktig yngle/beiteområde for andefuglar. Rapporten syner at endringar i vasstanden i Vassetvatnet vil bli minimal, utan at den er direkte talfesta. Vi kan vanskeleg sjå at fjerning av dammen vil føre til særlege konsekvensar for naturmiljøet i dette området.

Etter det vi kjenner til går det ikkje anadrom fisk opp i vassdraget. Vi kan derfor ikkje sjå at det er naudsynt å behandle søknaden etter laks- og innlandsfiskeleva.

Friluftsliv/ålmenne interesser

Det går stiar rundt begge vatna, men stien rundt Vassetvatnet er opparbeid som turveg og er nok vesentleg meir nytta. Nordsida av Vassetvatnet er eit statleg sikra friluftsområde. Dette er eit svært viktig nærmiljøområde i Langevåg som ligg i tilknytning til det regionalt viktige turområdet Sulafjellet og til Veddemarka. Arealet er ein del av Vasset friluft- og idrettspark med ulike tilbod innan friluftsliv og idrett. Rundt Vassetvatnet er det opparbeidd turveg med m.a. lys, toalett, badeplass, benkar og bord. Så lenge vasstanden ikkje blir særleg endra vil tiltaket neppe ha negative verknader for ålmenta.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at tiltaket vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningsleva.

Flaumtilhøve

I søknaden blir det vist til at nedlegging av dammen vil gje litt større flaumar nedover i vassdraget, men at dette ikkje vil gje større endringar i og rundt vatna. I nedre del av vassdraget går elva i røyr/kulvert og det er ein viss usikkerheit om kapasiteten på røyrsystemet kan ta imot større mengder vatn. I nedre del ligg m.a. fleire butikkar og kraftstasjon utsett til. Flaumutrekningane er gjort for middelflaum og 50-årsflaum.

Flaumfrekvensanalysar blir m.a. gjort i samband med flaumutrekningar ved flaumsonekartlegging. For dette føremålet blir 200 års flaumen nytta. NVE- rapport Klimaendringar og framtidige flommer i Norge (2016) syner om lag 20 % auke i 200 års flaumen i denne delen av vårt fylke. Vi saknar derfor flaumutrekningar ved 200 års flaumen for dette området.

Før det eventuelt blir gitt løyve til å leggje ned dam Sætrevatn må ein sikre at flaumfaren i nedste del av Vassetelva ikkje aukar. Vi reknar med at NVE som fagmynde vil vurdere dette nærare og stille naudsynte krav til avbøtande tiltak som sikrar dette.

Konklusjon

Fylkesmannen kan ikkje sjå at nedlegging av dam Sætrevatn vil ha vesentlege konsekvensar for biologisk mangfald og ålmenne interesser.

Det er noko usikkerheit om nedlegging av dammen kan føre til auka flaumfare i nedste del av vassdraget. Dette må avklarast og det må stillast krav til eventuelle avbøtande tiltak som kan sikre dette.»

Møre og Romsdal fylkeskommune uttalar følgjande i brev av 26.9.2017:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi er ikkje kjent med at det er registrert automatisk freda kulturminner i det aktuelle området og har såleis ingen spesielle merknader knytt til tiltaket. Vi ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området, og gjer merksam på at dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, pliktar ein å stoppe arbeidet og ta kontakt med kulturavdelinga i fylkeskommunen for avklaring jf. Kulturminnelova § 8 andre ledd.

Tiltakshavar pliktar å underrette den som skal utføre arbeide om dette, men står også sjølv ansvarleg for at det blir overhaldt.

Tilleggsopplysningar

NVE var på synfaring i området den 27.6.2018. Vårt inntrykk etter synfaringa er at det er gjort ein rekkje inngrep i Vassetelva som innsnevringar, kanalisering og lukking av elveløp, som fører til at elva sin naturlege flaumavleiingskapasitet er svært avgrensa.

I brev av 6.11.2018 bad NVE dameigar om flaumberekningar for 200-årsflaum for vassdraget nedstraums dam Sætrevatn. Berekningane skulle syne både forholda i dag, med dammen på plass, og korleis situasjonen blir etter at dammen er fjerna. NVE bad også om at dameigar skulle utarbeide ei oversikt og beskriving av kritiske punkt i vassdraget og vurdere kva slags tiltak som må setjast i verk for å betre flaumavleiingskapasitet slik at vassdraget oppnår tilstrekkeleg kapasitet til å avleie ein 200-årsflaum. Vidare bad vi også om ei oversikt over vassdragsanlegg nedstraums dam Sætrevatn der O.A. Devolds Sønner AS er eigar av anlegget. Til slutt bad vi om at dameigar utarbeidde eit kostnadsoverslag som syner kostnadene ved å oppgradere dei vassdragsanlegga som dameigar har ansvar for å vedlikehalde.

I e-post av 1.2.2019 uttaler Tafjord Kraft AS, som representerer søkar følgjande om desse pålegga:

«Vi viser til brev frå NVE 06.11.2018 der de ber om meir informasjon i samband med søknad om nedlegging av dam Sætrevatn i Sula kommune.

Ut i frå erfaringar med flaumsituasjonar og frå flaumberekningane som er gjort i samband med konsesjonssøknaden ser vi at store flaumar vil føre til problem med oversvømmelse nedst i vassdraget slik situasjonen er i dag. Sidan vi ikkje har full oversikt over kva som eksisterar av kulvertar og rør etter at Vassetelva forsvinn under bakken, veit vi heller ikkje ved kva vassføring rør/kulvertsystemet vil få problem med å ta unna vatnet. Men ut i frå dei opplysningane vi har er kapasiteten lågare enn 50-årsflaumen som for noverande situasjon er rekna til å vere 3 m³/s. Fabrikkområdet vil i ein slik situasjon bli sett under vatn.

På grunnlag av dette har O.A. Devold Sønner AS sett i gang ein prosess for å finne ei løysing på flaumproblema. Til no har det vore møte mellom OADS og Sula kommune der det vart avtalt at dei vil sjå på løysingar for flaumavleiing/flaumsikring. Dette er noko som vil bli gjort uavhengig av om det blir gitt løyve til nedlegging av dammen eller ikkje.

I brevet dykkar er det bedt om at de får tilsendt berekningar av 200-årsflaum for noverande situasjon og for situasjonen der dammen er fjerna. Slik vi ser det er det kjend at det er flaumproblem i vassdraget lenge før ein 200-årsflaum oppstår slik situasjonen er no, og at det også vil bli flaumproblem dersom dammen blir fjerna. Ut frå dette klarer ikkje vi å sjå at det

er relevant med desse flaumberekningane for å vurdere om dammen kan leggest ned eller ikkje. Det må uansett gjennomførast tiltak for å redusere faren for øydeleggingar ved flaum.

Skulle det bli gitt løyve til nedlegging er vi inneforstått med at det må dimensjonerast flaumsikring etter 200-årsflaumen for den nye situasjonen. Blir det ikkje gitt løyve til nedlegging vil flaumsikringa bli dimensjonert for 200-årsflaum for noverande situasjon. Dette er noko som vil bli tatt tak i når de har avgjort om det blir gitt løyve til nedlegging eller ikkje.

Dersom de fortsatt meiner at det er behov for å rekne ut 200-årsflaum for noverande situasjon og for situasjonen der dammen er fjerna hadde vi sett pris på å få ei grunngjeving for dette.»

NVE gav i e-post av 1.3.2019 denne tilbakemeldinga til dameigar:

«NVE tykkjer det er positivt at det er kontakt mellom O.A. Devolds Sønner AS og Sula kommune om flaumproblema i vassdraget. Vi har kome fram til at det på noverande tidspunkt ikkje er nødvendig å få utført flaumberekningar for 200-årsflaum for vassdraget.»

NVE si vurdering

Dersom eigar av eit vassdragsanlegg ikkje lenger ønsker å vedlikehalde anlegget skal dette fjernast og området så langt som mogleg tilbakeførast til slik som forholda var før anlegget vart bygd. I følgje vassressurslova § 41 skal vassdragsmyndigheita gje løyve til nedlegging viss ikkje særlege grunnar taler i mot. I forarbeidet til vassressurslova, i Ot.prp.nr. 39 (1998-99) står bl.a. dette: *«I praksis vil det ikke være aktuelt å nekte en konsesjon til nedlegging i andre sammenhenger enn i forbindelse med overføring av anlegget etter § 42, eller hvis anlegget blir fredet etter kulturminneloven. Eventuelt som en del av et biotopvern etablert etter naturvernloven.»* Det er hittil ingen som har meldt interesse for å overta dam Sætrevatn.

Gjennom ei konsesjonsbehandling av nedlegginga kan NVE avbøte eventuelle ulemper for allmenne interesser ved å stille krav til korleis nedlegginga skal gjennomførast.

Hydrologiske verknader og flaumforhold

Vasstanden i Sætrevatnet ligg stort sett i dag i overkant av kote 20, men varierer mellom kote 19,5 og kote 21,5. Den varierer med tilsig, lukeopning og vasstanden i Vassetvatnet nedstraums Sætrevatnet. Nedlegging av dam Sætrevatn vil føre til redusert vasstand i Sætrevatnet. Normalvasstand vil bli bestemt av høgda på terskelen i utlaupet av Sætrevatnet, i overgangen mellom vatnet og utlaupskanalen. Normalvasstanden vil bli redusert med om lag 0,5 meter, ned til kote 19,5. Ved flaumvassføring vil ikkje vasstanden auke slik som i dag, i og med at Sætrevatn ikkje lengre kan magasinere vatn.

Multiconsult har på oppdrag frå søkar estimert flaumvassføring i vassdraget ved middelflaum og 50-årsflaum. Det er sett på korleis vassdraget, under visse forutsetningar, handterer flaumar av desse størrelsane. Simuleringane tek sikte på å samanlikne to situasjonar, dagens situasjon med dam, og situasjonen etter at dammen er nedlagt. Hensikta med simuleringane er å sjå på om nedlegging av dam Sætrevatnet fører til auka flaumfare i vassdraget nedstraums dammen. I rapporten vedlagt søknaden om løyve til nedlegging konkluderer Multiconsult slik:

«Nedleggelse av dammen medfører en betydelig økning av vannføringen i bekken. Men mht flomvannstand og oversvømmelse er det en temmelig beskjeden økning av flomfaren. Under middelflom vil flomvannstand i bekken øke generelt 10-20 cm. Under femtiårsflom vil flomvannstand øke med generelt under 10 cm. Mht. bygninger og infrastruktur synes økningen av flomfare å være marginal. Det bør imidlertid noteres at fokus for utredningen har vært å utrede økningen i flomfare, ikke den absolutte flomfaren. Terrengmodellen, som inngår i de hydrauliske beregningene, er generelt basert på 1-meterskonturer. Ettersom flomstigningene er godt under 1 m, er det opplagt at det er en betydelig usikkerhet i de absolutte vannstandene og utbredelse av oversvømmelsen.»

Det er ikkje kjent kor stor kapasitet kulverten under fabrikkområdet har, og det er vanskeleg å få oversikt over avleiingskapasitet i denne delen av vassdraget. Difor har Multiconsult sett innløpet av røret i stikkrenna, under parkeringsplassen på oversida av fabrikkområdet, som nedre grense for modellen som er nytta til ruting av flaum. Dermed er ikkje systemet under fabrikkbygningane med i modelleringa. I simuleringa av middelflaum er det gjort føresetnad om at røret i stikkrenna ikkje er tilstoppa og at det er tilstrekkeleg avleiingskapasitet i stikkrenna under parkeringsplassen, og i kulverten vidare under fabrikkområdet. Ved simulering av 50-årsflaum er det gjort føresetnad om at stikkrenna går tett, slik at vatnet tek andre vegar og flaumar over fabrikkområdet tilhøyrande Devoldfabrikken. Vidare er det teke føresetnad om at Langevåg kraftverk er i drift under

flaumhendingar, slik at opp til 1 m³/s vatn kan leiast vekk frå vassdraget gjennom kraftverket og bidra til redusert flaumvassføring i nedre del av Vassetelva.

Som tidlegare nemnt var NVE på synfaring i området den 27.6.2018 saman med representant for søkar, kommunen og Fylkesmannen. Vi synfør dammen, vassdraget og kraftverket, både inntakskonstruksjon og kraftstasjon. Under synfaringa la vi vekt på å få sjå dei delane av vassdraget der det er gjort inngrep og dei delane av vassdraget som er særskilt utsett ved flaum.

Vårt inntrykk etter synfaringa er at det er gjort ei rekke inngrep i Vassetelva. Eksempel er innsnevringar, kanalisering og lukking av elveløp, som fører til at elva sin naturlege flaumavleiingskapasitet er svært avgrensa. Under synfaringa av området kom det fram at det dei siste tiåra berre unntaksvis har oppstått skadeflaum i vassdraget. Slik NVE forstår det, skuldast dette ein kombinasjon av manuell manøvrering av dam Sætrevatn, slik at vasstanden er låg i Sætrevatnet i forkant av periodar der det er varsla store mengder nedbør, og at det ikkje har vore mange store flaumhendingar i vassdraget på lang tid. NVE har ikkje nokon fullstendig oversikt over alle inngrepa som er gjort, men vårt inntrykk etter synfaringa er at dei største inngrepa i Vassetelva er gjort i samband med bygging av Langevåg kraftverk og fabrikkområdet til Devoldfabrikken. Dam Sætrevatn er soleis berre eit av fleire vassdragsanlegg i Vassetelva som O.A. Devolds Sønner AS (OADS) er ansvarleg for.

NVE deler søkar si vurdering av at ei nedlegging av dam Sætrevatn vil føre til ein beskjeden auke i flaumfare, sjølv om vassføringa i Vassetelva ved både middelflaum og 50-årsflaum vil auke dersom dammen blir nedlagt. Nedlegginga av dam Sætrevatn er naudsynt fordi dameigar ikkje lengre ønsker å vedlikehalde dammen. Alternativet til nedlegging er at nokon andre tek over eigarskap og ansvar for dammen.

Representant for O.A. Devolds Sønner AS skriv mellom anna i e-post av 1.2.2019 at OADS er kjent med at store flaumar vil føre til at areal nedst i vassdraget (fabrikkområdet) blir sett under vatn. Dei har ikkje full oversikt over kva som eksisterer av kulvertar og rør etter at Vassetelva forsvinn under bakken, men ut frå dei opplysningane dei har, er kapasiteten lågare enn vassføringa ved 50-årsflaumen, som for noverande situasjon er rekna til å vere 3 m³/s.

Vidare i e-posten står det at på grunnlag av dette har O.A. Devolds Sønner AS sett i gang ein prosess for å finne ei løysing på flaumproblema. *«Til no har det vore møte mellom OADS og Sula kommune der det vart avtalt at dei vil sjå på løysingar for flaumavleiing/flaumsikring. Dette er noko som vil bli gjort uavhengig av om det blir gitt løyve til nedlegging av dammen eller ikkje.»* Om dimensjonering av flaumsikring står dette: *«Skulle det bli gitt løyve til nedlegging er vi inneforstått med at det må dimensjonerast flaumsikring etter 200-årsflaumen for den nye situasjonen. Blir det ikkje gitt løyve til nedlegging vil flaumsikringa bli dimensjonert for 200-årsflaum for noverande situasjon. Dette er noko som vil bli tatt tak i når de har avgjort om det blir gitt løyve til nedlegging eller ikkje.»*

NVE synast det er positivt at det er dialog mellom OADS og kommunen for å finne ei løysing på flaumproblema i vassdraget. Vi tek det til etterretning at det er dialog om flaumproblematikken, og gjer føresetnad om at det uavhengig av nedlegginga av dam Sætrevatn blir sett i gang tiltak for å betre avleiingskapasiteten til vassdraget, og at desse tiltaka dimensjonerast slik at vassdraget kan handtere ein 200-årsflaum. NVE anbefalar at de ved berekning av 200-årsflaum i vassdraget tek inn eit mogleg scenario med at Langevåg kraftverk ikkje er i drift ved flaumhendingar. NVE meiner tiltak for å betre avleiingskapasiteten i vassdraget må ta høgde for ein slik situasjon. Elles anbefalar vi at vår retningsline 4/2011: *«Retningslinjer for flomberegninger»* og vår veileder 7/2015: *«Veileder for flomberegninger i små uregulerte felt»* bør leggst til grunn for berekningane. Berekningane må ta

høgde for klimapåslag for små nedbørfelt for aktuell region i Noreg, sjå NVE rapport 81/2016: «*Klimaendring og framtidige flommer i Norge*». Best tilgjengeleg høgdegrunnlag bør nyttast (Nasjonal detaljert høgdemodell).

Vassressurslova inneheld fleire reglar som også gjeld for vassdragsanlegg utan løyve etter lova. NVE vil, i høve til at manglande avleiingskapasitet i Vassetelva kan føre til skadeflaum, informere om § 5 i vassressurslova:

«Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.

Vassdragstiltak skal planlegges og gjennomføres slik at de er til minst mulig skade og ulempe for allmenne og private interesser. Denne plikten gjelder så langt den kan oppfylles uten uforholdsmessig utgift eller ulempe. Vassdragsmyndigheten kan ved forskrift fastsette nærmere regler om planlegging, gjennomføring og drift av bestemte typer vassdragstiltak.

Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelighet kan stilles til sikring mot fare for mennesker, miljø eller eiendom.»

Regelen gjeld ikkje berre for iverksetjing av vassdragstiltak, men også for eksisterande vassdragstiltak (inkludert vassdragsanlegg). I tillegg syner vi til vassressurslova § 37:

«Vassdragstiltak som kan volde skade, skal den ansvarlige til enhver tid holde i forsvarlig stand. Vedlikeholdsplikten varer til anlegget er lovlig nedlagt etter § 41.

Vassdragsmyndigheten kan gi pålegg om tiltak etter første ledd. Den skal ta stilling til eventuelle pålegg snarest mulig når noen med rettslig interesse ber om det. Avgjørelsen er enkeltvedtak også om pålegg ikke blir gitt.»

Brot på både plikta til å vere aktsam (vrl §5) og vedlikehaldsplikta (vrl §37), kan føre til at anleggseigar blir erstatningsansvarleg for skade, jamfør vassressurslova § 47 punkt a og f.

Naturmangfald

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om nedlegging av dam Sætrevatn legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 og forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, miljørapport, høyringsuttalar, og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 27.11.2019. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlaget er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I Vassetvatnet, nedstraums dam Sætrevatn finst det eit område avgrensa som den verdifulle naturtypa «rik kulturlandskapssjø». Lokaliteten har fått verdi C (lokalt viktig). Det er påvist ål i vassdraget. Arten er kategorisert som «sårbar (VU)» på Norsk raudliste for artar 2015. Ei eventuell nedlegging av dam Sætrevatn i utlauget av Sætrevatnet vil etter NVE si vurdering ikkje vere i konflikt med

forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4 eller forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det blir gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Oppsummering

Nedlegging av dam Sætrevatn vil føre til redusert vasstand i Sætrevatnet med om lag 0,5 meter. På grunn av tidlegare inngrep er flaumavleiingskapasiteten i vassdraget svært avgrensa. Nedlegging av dam Sætrevatn vil ikkje føre til betydeleg auka flaumfare sjølv om flaumvassføringa i vassdraget vil auke. Uavhengig av damnedlegginga er det naudsynt å utbetre avleiingskapasiteten, sidan vassdraget i dag knapt toler middelflaum. I følge dameigar skal naudsynte tiltak for å betre avleiingskapasiteten dimensjonerast slik at vassdraget toler 200-årsflaum.

Med føresetnad om at heile dammen fjernast og området så lang det er mogleg blir tilbakeført til slik det var opphavleg, er ikkje nedlegging av dammen til ulempe for allmenne interesser.

Vassdragsanlegg som eigar ikkje ønsker å halde ved like skal fjernast. Løyve til nedlegging skal bli gitt dersom ikkje særlege årsaker taler imot. Alternativet til nedlegging er at nokon andre overtar dammen.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at det ikkje er særlege grunnar som taler mot å gi løyve til nedlegging av dam Sætrevatn etter dei planane som er lagt fram, jamfør vassressurslova § 41. Vi gir difor O. A. Devolds Sønner AS løyve etter § 8 i vassressurslova til nedlegging av dam Sætrevatn på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplaner. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Forholdet til EU sitt vassdirektiv i konsesjonsbehandling hjå sektormyndigheita Sætrevatnet tilhøyrar vassområde Nordre Sunnmøre og inngår i «*Regional forvaltningsplan for Møre og Romsdal vassregion 2016-2021*», med tilhøyrande tiltaksprogram. Planen ble vedtatt av fylkestinget i Møre og Romsdal den 8.12.2015. Klima- og miljødepartementet godkjende planen den 1.7.2016, med endringar knytt til regulerte vassdrag.

Under er det gitt ei beskriving og vurdering av den aktuelle vassførekomsten. Beskrivinga av tilstanden i vassførekomsten i dag er basert på informasjon i vann-nett.no (pr. 27.11.2019).

Innsjøen Sætrevatn (101-30906) er klassifisert som naturleg og er i vann-nett beskriven som «*små, kalkfattig og klar*». Økologisk tilstand er oppført som «*moderat*». Vurdering av tilstand har låg pålitelegheitsgrad. Miljømål er satt til «*god*», men har utsett frist av tekniske årsaker (§ 9). På grunn av at det er utsett gjedde i innsjøen, og på grunn av mogleg effekt av regulering, er vassførekomsten sett til «*usikker risiko grunnet manglende data*», for ikkje å oppnå miljømål.

Påverknadane for vassførekomsten er: «*vasskraft*», «*introduserte artar og sjukdommar*» og «*anna eller ukjend*». Av kommentaren under påverknaden «*vasskraft*» kjem det fram at det er dam Sætrevatn som er påverkaren, og påverknadsgrad er sett til «*middels*». Den introduserte arten er gjedde, og påverknadsgrad er sett til «*middels*». Påverknaden «*anna eller ukjend*» er lagt inn sentralt på grunn av «*manglende registrering av tiltak med unntak*», og påverknadsgrad er «*ukjend*».

Det er oppført to tiltak for vassførekomsten. Det eine er overvaking av gjeddebestanden, medan det andre er kunnskapsinnhenting. Det er ikkje foreslått tiltak for påverknaden «*vasskraft*».

NVE meiner det ikkje er naudsynt å vurdere vasstandsreduksjonen etter § 12 i vassforskrifta (FOR 2006-12-15 nr. 1446) fordi dette ikkje er eit nytt inngrep, men heller attendeføring til ein tilstand nærare naturtilstanden for innsjøen. Etter ei nedlegging må vassførekomsten Sætrevatnet omklassifiserast, og kva som påverkar vassførekomsten vurderast på nytt.

Konsesjonsvilkåra for løyvet etter vassressurslova

Nedtapping

Dersom det er naudsynt med nedtapping før anleggsarbeidet startar, skal dette utførast jamt med mjuke overgangar. Gjennom anleggsperioden skal alt tilsig sleppast forbi damstaden.

Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Detaljerte planer skal leggest fram og godkjennast av NVE før arbeidet startar.

Tabellen under samanfattar føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stedar i dokumentet som ikkje har komme med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

NVE har gjeve konsesjon på følgjande føresetnader:

Dam	Heile dammen skal fjernast, og området skal så langt som mogleg tilbakeførast til slik det var opphaveleg.
Deponering av massar og materiale	Midlertidig lagring av massar og materiale frå dammen skal skje på ein slik måte at det ikkje er nokon fare for at dette blir ført nedover vassdraget. Alt av materiale frå dammen og eventuelt andre massar som skal fjernast skal transporterast til godkjent mottak, eller gjenbrukast på forsvarleg vis andre stader.
Veg	Bygging av ny veg er ikkje naudsynt.
Avbøtande tiltak	Revegetering av tidlegare reguleringssone langs Sætrevatnet og revegetering ved damstaden skal skje naturleg. Dersom det oppstår skader kan NVE pålegge O.A. Devolds Sønner AS å erosjonssikre bekkeutløp/kanal frå Sætrevatnet (inkludert damstaden), og/eller områder rundt Sætrevatnet.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.

Automatisk freda kulturminne

NVE føreset at utbyggjar tar den nødvendige kontakt med fylkeskommunen for å klarere forholdet til kulturminnelova § 9 før innsending av detaljplan. Vi minner vidare om den generelle plikta om aktsemd med krav om varslings av aktuelle instansar dersom ein kjem over kulturminne i byggefasen, jf. kulturminnelova § 8.

Vedlegg

Vedlegg 1: Kart i målestokk 1:5000 som syner plassering av dam Sætrevatn



Vedlegg 2: Kart som syner Langevåg kraftverk med reguleringsmagasin

